

## Pressemelding

Årsmøtet i Voss Idrottslag vart avvikla torsdag. Årsmeldinga fortalde om stor aktivitet i jubileumsåret, både med store sportsstemne og spesielle jubileumsarrangement. Utstillinga på Mølster, aktivitetsdag på Idrettsplassen og jubileumsfesten var omtalt. Året 2011 har vore eit godt år for laget med aukande medlemstal, laget har lukkast med satsing både i topp og breidde og har ein verdifull ressurs i tillitsvalde og dugnadsfolk.

Resultatrekneskapen til hovudlaget viste underskot grunna omfattande vedlikehald på Rosethytta, men likviditeten i laget er god. Medlemskontingenten for 2013 var sett til kr 200,- for medlemmer opp til 18 år, og kr 300,- for vaksne.

Jorunn Lødemel held fram som leiar i laget saman med Torgils Bryn som nestleiar, Marianne Bakketun som skrivar, Gro Almeland Sævig som kasserar og Erling Astrup Sjøtun som ungdomsrepresentant. I tillegg sit gruppeleiarane i hovudstyret. Nye tillitsvalde i laget er Asle Bergstrøm i Hangoren-nemnda og Jon Terje Jåstad i styret for Rosethytta.

Årsmøtet vedtok ny lov for laget i samsvar med lovnorma som NIF har fastsett. Det er m.a. kome nye reglar om likestilling og inhabilitet. Lova fastset at medlemmer som skuldar kontingent for 2 år, skal strykast av laget.

På årsmøtet vart det delt ut stipend av sponsormidlane frå Voss Sparebank til unge idrettsutøvarar. Det vart lagt vekt på resultat, iver og treningsvilje. Stipenda gjekk til Anna Haugo Bryn, alpint, Erling Astrup Sjøtun, alpint og Olav Haugo, langrenn.



Vandrepokalen til beste mannlege utøvar gjekk til Sjur Røthe, til beste kvinnelege utøvar til Anna Haugo Bryn og dugnadspokalen til Harald Tveito.